

PROTOKOLL FRÅ FORHANDLINGAR OM ARBEIDSTID, SFS 2213 PKT. 5

År 2015, 26.05.2015 vart det på Sagstad skule ført forhandlingar mellom Sagstad skule på den eine sida og **Utdanningsforbundet** på den andre sida.

Til stades: Frå Meland kommune: Magne Lædre

Frå Utdanningsforbundet: Birgit Høyvik

Forhandlingane vart førde med tilvising til SFS 2213, pkt. 5.
Tema for forhandlingane var organisering av arbeidstid.

Etter at partane hadde drøfta krava i *fellesmøte og særmøte*, vart det semje om følgjande:

Skulen og Utdanningsforbundet er einige om at arbeidstid på skulen vert 1300 timer jf.
Vedlagt referat, for skuleåret 2015/2016.

Utdanningsforbundet vedtar protokollen.

Meland kommune vedtar protokollen.

Magne Lædre
MELAND KOMMUNE

Birgit Høyvik
UTDANNINGSFORBUNDET

***Drøftingsmøte om skuleåret lengde med
Utdanningsforbundet
referat***

Dato: 26.05.15	DAG: Tysdag	TID: 12.00	STAD kontoret
Går til:	Birgit Høyvik, Kathrine Straumøy Brakstad		

TEMA:	Ca. tidsbruk	ANSVARLEG
<p>Arbeidstid på skulen:</p> <p>Hovudintensjonen med den nye SFS2213 er mellom anna å legge til rette for meir samarbeid mellom lærarane på skulen. På Sagstad har vi allereie tatt grep for å løyse denne utfordringa. Skulen har endra undervisningstidene slik at skulen er tidlegare ferdig og på den måten frigjort arbeidstid på skulen som kan brukast til samarbeid mellom lærarane.</p> <p>I tillegg vil skulen utvide felles møtetid med 1 time i veka neste skuleår som skal nyttast til samarbeid.</p> <p>Ein annan begrensande faktor er at skulen kjem til å bli ein byggeplass neste skuleår og det kan ikkje forsvarast at lærarane skal ha utvida tid på skulen ut over dei 1300 timane dei har i dag.</p>		